



SIM

SØRVISFRÅSEGN FOR HYTTERENOVASJON





SIM har ansvar for handtering av hushaldsavfallet i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

Dette er ei sørvisfråsegn der me vil fortelja deg kva du kan venta av sørvis og kvalitet når det gjeld hytterenovasjonen.

RENOVASJONSGBYRET DEKKJER MELLOM ANNA DETTE:

- Innsamling av hytteavfall.
- Miljømessig og kostnadseffektiv slutthandtering av avfallet ditt.
- Kjøp og vedlikehald av hyttekonteinrar.
- Returpunkt for glas og metallemballasje.
- Størstedelen av kostnaden ved drift av miljøsentralen. Som abonnent betaler du ein liten del for levering av nokre fraksjonar.
- Administrasjon og informasjon.

Geburet skal ikkje vera høgare enn dei samla kostnadene med renovasjonsordninga.

SØRVISFRÅSEGN FOR HYTTERENOVASJON

Dette kan du venta av oss

KONTAKT

- At me tek kundane på alvor og held det me lovar.
- At me ikkje spreier vidare opplysningar me får kjennskap til gjennom kundetilhøvet.
- At våre informasjonskanalar er oppdaterte.
- At du får svar eller mellombels svar seinast ei veke frå du tek kontakt med oss.

AVFALLSHANDTERING

- At me tek hand om avfallet ditt på ein miljøvenleg, hygienisk og kostnadseffektiv måte.
- At du finn hyttekonteinrar ein sentral stad – til dømes på veg til butikk eller hovudveg.
- At me tømmer hyttekonteinrarane minst ein gong i veka om sommaren (frå påske til 1. oktober), og minst annakvar veke om vitnteren.
- At me ordnar opp dersom du melder frå om at ein hyttekonteinrar er blitt overfull.
- At det vert rydda rundt hyttekonteinrarane ved tøming, og sprøyta for fluger og liknande når det er trong for det.

RETURPUNKT

- At returpunkta for glas- og metallemballasje er reine og ryddige.
- At det er god nok kapasitet på returpunkta til at du blir kvitt det du skal levera.

MILJØSENTRALAR

- At du kan levera farleg avfall (til dømes målingsrestar, batteri), elektrisk/elektronisk avfall, hageavfall, papp og papir og grovavfall på miljøsentralane.
- At me hjelper deg på miljøsentralen og at det er tilrettelagt for at du skal kunna sortera avfallet ditt.
- At miljøsentralane er reine og ryddige.
- At det er god nok kapasitet på konteinrarane til at du blir kvitt det du skal levera.

Dette ventar me av deg

- At du melder frå om endringar i abonnementet ditt.
- At du legg avfallet inni hyttekonteinaren og ikkje forsøplar nærmiljøet ved å plassera det utanfor.
- At du ikkje kastar farleg avfall i hyttekonteinrarane.
- At du les informasjonen som SIM sender ut.
- At du ikkje plasserer restavfall (t.d tome plastposar) ved returpunkta for glas- og metallemballasje.
- At du parkerer bilen slik at du ikkje hindrar tøming.



Føresegna som kommunane har vedteke regulerer kva ansvar som ligg til SIM og kva som ligg til kunden. Føresegna finn du på www.sim.as, eller du kan få henne tilsendt ved å ta kontakt med SIM.



SIM

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Svartasmåget, N-5419 Fitjar

telefon 53 45 78 50

e-post: sim@sim.as

www.sim.as

